



Kurt Arne Leivestad  
Gamle Steinstøvegen 54  
5108 HORDVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/288 - 18/20132

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
21.06.2018

## Ferdigattest fritidsbustad - gbnr 179/12 Leivestad nordre

### Administrativt vedtak. Saknr: 317/18

**Tiltakshavar:** Kurt Arne Leivestad

**Ansvarleg søkjar:** Seim Bygg AS

**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 25.04.2018. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.06.2018.

### Skildring

Adresse:	Vassbygdvegen 857
Bygningstiltak:	Fritidsbustad
Bebygd areal:	103m <sup>2</sup>
Avlaup:	Via minireinseanlegg før utslepp gjennom tett rør til utsleppsstad
Vatn:	Frå privat borehol
Tal på røykløp:	1

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for fritidsbustad på gbnr 179/12. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage



Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/288

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Kurt Arne Leivestad	Gamle	5108	HORDVIK
	Steinstøvegen 54		
Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM